


# Nissedal



Fakta om Nissedal .....	3
Verd å se og oppleve i Nissedal .....	3
Kabelferge – Fjoneferga, Norges minste kabelferge .....	3
Om Fjone .....	4
Hellemalerier .....	4
Treungenfestivalen .....	5
Tre Nisser Steinverksted .....	5
Søftestad Gruber – Jernmalm utvinning .....	6
The Armourers Workshop .....	8
Jettegrytene og tømmerrenna i Nissedal .....	9
Tømmerrenna i Nissedal i Telemark .....	9
Båttur med M/S Fram på Nisser og Vråvatn .....	10
Pipo Innendørs Lekeland .....	10
Lokstallen/Sommarsletta : Nissedal kommune sin tusenårsstad .....	11
Tarzanslynge ; .....	11
Klatre-eldorado .....	11
Kanoutleige .....	11
Turområder i Nissedal: .....	12
Ufshomfjellet .....	12
Raunåsen .....	12
Husfjell .....	12
Solåsknatten .....	12
Lindfjell .....	13
Hægefjell .....	13
CarWalk - Fjone .....	14
Storefjell .....	14
Støyldalen/Himmelstøyl .....	14
Norkeåsen .....	14
Røyrodden - Årak .....	15
Liland - Tveit .....	15
Skuggenatten .....	15
Jernbanelina .....	15
Måvatn .....	16
Håvenut .....	16
Nystøyl .....	16
Folkestien .....	16
Vikodden .....	16
Dalsnipa .....	17
Tur fra Kyrkjebygda til Gautafall .....	17

## Fakta om Nissedal

Nissedal kommune ligger geografisk på begge sider av det 4 mil lange Nisser vannet og er et naturskjønt område. Nissevann har flere lange- og nydelige sandstrender som er godt besøkt av turister i sommerhalvåret.

Her finnes hytteområder og campingplasser så overnatting er ikke noe problem. Nissedal kommune har ca. 1.500 innbyggere på et areal 902 kv. km.

Nisser, største innsjøen i Telemark, er et dominerende landskapsmerke med innbydende sandstrender og svaberg omkransa av blankskurte, høgreiste fjell. Den fire mil lange og 250 meter djupe innsjøen inneheld reint, klart drikkevatt. Nissedal har fått navnet sitt fra Nisser, som trulig kommer av gammalnorsk «Nidsær», som tyder «Den nedre sjøen». Langs Nisser finn en sjeldsynte hellemalinger, gravhauger og mange andre minner etter gammel busetning.

I skogene og heiområdene i Nissedal fins det heile 1750 større og mindre vatn. Det er et eldorado for de badeglade, og på Fjone finn en kilometerlange sandstrender. Her er også gode vilkår for kanopadling, båtsport og fiske i vatna og elvene. Klimaet er svært bra, og terrenget innbyr til turgåing, sommer som vinter. Næringslivet i kommunen er variert. Viktige næringer er jord- og skogbruk, pelsdyr-hald, kraftforsyning og reiseliv.

Kommunen grenser i øst til *Drangedal*, i vest til *Fyresdal*, i nord til *Kviteseid* og i sør til tre kommuner i Aust-Agder: Gjerstad, Vegårshei og Åmli.

Nissedal fikk kommunestatus i 1838, da kommunen ble skilt ut fra Kviteseid. Administrasjonssenteret i Nissedal er Treungen.

## Verd å se og oppleve i Nissedal

### Kabelferge – Fjoneferga, Norges minste kabelferge



Fjoneferga M/F Nissen har vært i drift siden 1947 og fram til dag, med et opphold i en periode først på 50-tallet. Denne kabelferga er den eneste i sitt slag som er igjen i Norge, og som fremdeles er i nesten daglig drift på Nisser. Turen går i kabel, frem og tilbake over sundet mellom Fjone og Sundsodden i Nissedal. Dette var det eneste veisambandet for innbyggerne på Fjone, før veien til Treungen kom i 1967.

I dag blir ferga også brukt i turist sammenheng.

Hvert år blir det frakta mellom 5000-6000 personbiler, i tillegg til passasjerer, sykler, motorsykler og busser over den 500 meter lange strekningen mellom vest- og østsiden av Nisser. Denne attraksjonen er et reisemål, som er vel verd å oppleve.

## Om Fjone

Fjone er ei lita grend med 120 innbyggjarar i Nissedal kommune. Sjeldsynte hellemålingar og gravhaugar viser at her har det budd folk i om lag 5000 år. På Fjonesida finn du kilometervis av dei finaste sandstrender, kanskje det største eldorado for badeglede i Sør – Noreg. For at alle skal få oppleve den storslåtte naturen langs Nisser, har me eit godt utval av oppmerka turløyper i skog og fjell. Vinterstid kan du følgje oppkjørde skiløyper gjennom lett skogsterreng heilt inn på snaufjellet.

På det smaleste punktet på Nisser, trafikerar Fjoneferga M/F "Nissen", Ferga fraktar bilar, minibussar og passasjerar over Nisser frå 1. mai til 31. desember. I tillegg til å vere førar av Fjoneferga, driver Åshild Sollid eit handverkutsal med eigen strikkeproduksjon, samt ein kafeteria med enkel servering.

## Hellemalerier

### Kvithammeren, Fjone, Nissedal Kommune

Feltet er ca. 1 m<sup>2</sup> stort og omfatter 6 malte figurer. Maleriene er ca. 3 km nord for gården Fjone på vestsiden av Nisservatn. Fjellet stuper bratt ned i sjøen og det er bare adkomst med båt. Hellemaleriene viser seg som en lys flekk ca. 4 m over vannet og er klart synlig. Figurene er malt med rødfiolett farge, men er dels utvisket eller ødelagt ved overmaling. To av figurene er stiliserte, kroppsornerte dyr - antakelig elg. Dessuten finnes en meget skjematisk tegning av en dansende figur samt en båt med mannskapsstreker. De øvrige linjene er det vanskelig å tolke betydningen av. Det største dyret er ca. 30 cm langt. Litt.: E. Engelstad 1934, G. Hallstöm 1938

### Trontveit, Nissedal kommune

Hellemaleriene ligger ca. 700 m sør for gården Trontveit på vestsiden av Nisservatn. Fjellet stuper loddrett i vannet og noen av figurene kan bare nåes med båt. Figurene ligger nær vannflaten. Det er identifisert 10 figurer, men fargerester viser at det må ha vært mange flere. Fargen er nærmest rustrød og temmelig utvasket. En av figurene kan bestemmes som et sterkt stilisert dyr med kroppsmønster. De øvrige er timeglassformede dansende mennesker og et nesten ornamentalt sikksakk-lignende mønster. Ingen av figurene er større enn 50 cm. Litt.: E. Engelstad 1934, G. Hallstöm 1938.

## Treungenfestivalen

Treungenfestival vart fyrste gong arrangert i 2003. Initiativtakar var Jørgen Solberg, som med hjelp av familie og vener, klarte å samle ca. 1.700 besøkande på Sommarsletta i Treungen dette året. Dei fyrste åra var det konsertar over to dagar, og publikum var i stor grad dagsbesøkande. Etter dette har det vore ei fantastisk utvikling, der ein dei siste åra har hatt om lag 12.000 besøkande fordelt på 3 dagar, fyrste helga i august.



## Tre Nisser Steinverksted

Tre Nisser Steinverksted er et meget spesielt Steinsenter i Nissedal kommune i Vest-Telemark. Butikken er lokalisert på det gamle jernbaneområdet og er opprinnelig et vanntårn bygd for å betjene Damplokomotiver på den nå nedlagte Treungen/Nelaugbanen. Tårnet er innredet med butikkdeler i de to første etasjene, med kontor og litt lager i tredje og fjerde etasje.



Ametystkrystall

Lagerfører og selger ett bredt utvalg av smykker og tilbehør, produsert med Norsk og Utenlandsk stein i kombinasjon med ekte og uekte metaller i mange prisklasser. Produktene er av høy kvalitet og er enten egenprodusert, produsert på lisens av andre eller innkjøpt fra utvalgte leverandører. Stort utvalg av spesielt Norske råstein for dekorasjon, samling eller for steinsliping, men også en del utenlandske smykkesten t. eks. Lapis Lazuli

## Søftestad Gruber – Jernmalm utvinning



Søftestad Grubers venneforening er en privat forening som har som mål å bygge opp gruveområdet til et opplevelsessenter rundt Søftestad Gruber som er teknisk kulturminne.



Iflg. Driftsbestyrer J.A. Aamo sitt skriv i boka Bergverkenes Landssammenslutning gjennom 50 år (1907-1957) var det vanskelig å tidfeste bestemt når forekomsten av jern malm ble funnet, men den er kjent og nevnt av den danske statsminister Rewentlow ved han reiste her i 1811. Han nevner at malmen er ubrukbar da den leverer "kaldbrekjern" på grunn av fosforinnholdet. Forekomsten eides frem til 1916 av Næs Jernverk, som da overdro sine rettigheter til det nystiftede A/S Søftestad Gruber.

Selskapet satte i gang prøvedrift i 1916-17. Det ble bygget en del hus samt bremsebane ned til Nisservannet. For transport av malm til Treungen stasjon ble det bygget en lekter som skulle laste ca 100 tonn. Det ble i feltet drevet en ca 150 meter lang stoll, ca 46 meter over Nissers nivå.

Driften varte frem til 1921 da alt arbeidet ble innstillet. Under driften av stollen passertes en pegmatittgang i en lengde av ca 50 meter som kompliserte det hele og satte forhåpningene sterkt ned.

I 1937-38 ble arbeidet igjen opptatt med reorganisering av selskapet og dette lyktes slik at driften ble startet i april 1939 med diverse anleggsarbeider.

På det meste arbeidet det ca 50 mann og 2 kvinner ved gruen. Driften ble innstilt i 1965 . Da var den på 11 etasjer under Nisser, og ca 600 meter dyp.



## The Armourers Workshop



I området til Søftestad Gruber gjenskaper The Armourers Workshop alle typer rustninger fra det gamle Hellas og frem til det 17. århundret.

Rustninger og våpen av høy kvalitet håndlages og kopieres i henhold til originaler ved hjelp av tradisjonelle teknikker, materialer og redskaper, nær opptil slik de ble laget i bronsealder, romertiden, vikingtiden og middelalderen.

Smeden, Russell Thomas tidlige interesse for våpen og rustninger fra gammel tid, har etter hvert blitt til over 30 års erfaring med kulehammer og esse.

Starten var hos Robert White & Son i London der det ble produsert kopier av originale kronjuveler og rustninger.

Et engasjement ved Royal Opera House Covent Garden i London som rustning og våpensmed varte i 7 år før etablering av The Armourers Workshop.

Med oppdrag fra andre teatre, filmselskaper, museer, samlere, forhandlere, og til og med kongelige, var grunnlaget lagt for en spennende fremtid og historisk fortid. Det bør nevnes at Dronningen av England har en kopi av kronjuvelen og et sverd produsert av smeden. Hos Madam Tussauds voksabinetter i London, New York og Amsterdam står utstilt produkter som hjelmer, hansker, brystplater, sverd, torturinstrumenter, og en kopi av rullestolen til tidligere president Roosevelt som er produsert av smeden.

The Armourers Workshop kom til Norge i 2001 og fortsatte sitt arbeid på forskjellige turistattraksjoner i Sør-Norge før etablering i Nissedal som da er det eneste sted i Norge der det lages denne type rustninger, samt muligheten til å se smeden i sitt arbeide. Han vil også instruere interesserte i sitt fag, og muligheten til å smi sin egen gjenstand er til stede om essen er varm.



## Jettegrytene og tømmerrenna i Nissedal

Vatnet har forma et stort stykke kunstverk sør i Nissedal. Jettegryter på rekke og rad utgjør en idyll som ikke akkurat blir mindre når det er sommer.

### FAKTA om jettegrytene

- Jettegrytene er runde eller lange fordypninger i fast fjell.
- De oppstår ved erosjon av vann som har sett steiner og grus i roterende bevegelser.
- Jettegryter finner en oftest i stryk og fosser, der vatnet har stor fart og danner virvler.
- Jettegryter finner en også på steder der det ikke er elver. Disse er laga av smeltevann under istida.
- Jettegrytene kan bli flere meter i diameter og 10-20 meter dype.

Elva Fyresåna har gjennom uminnelige tider snurra rundt med stein og grus i elveleiet, som siden er blitt regulert for strømproduksjon. Før kraftutbyggerne gikk til verket, var jettegrytene en godt verna hemmelighet under vatnet. Først da en stor del av vannmassene blei lagt i røyr, kom de runde fordypningene i elveleiet til syne. Dette naturfenomenet finner en heilt sør i kommunen, ved den vesle bygda Eikhom, en mil frå Telemarksvegen.

Jettegrytene ligg i en trang dal med berg på både sider, der sola virkelig får tak. Det brenner under nakne føtter på fjellgrunn! Ikke rart at dette i årevis har vært en ynda badeplass for bygdefolk. Grytene er nærmest som varme kjelder å reine. Jettegrytene har vært en godt verna hemmelighet for de fleste. En heilsides reportasje i Aftenposten om de flotte fjellformasjonene, endra dette ganske så drastisk. Staden vart dessuten kåra til årets badestad 1999 av NRK Telemark, Vestfold og Buskerud. Hugs! Dette er et område på bare 300 meter, med gryter og sklier, nesten som et naturlig sommerland. Det er derfor svært sårbart: Skulle noen lage bål på svaberga, risikerer en at fjellet slår sprekker.

## Tømmerrenna i Nissedal i Telemark



Den 900 meter lange tømmerrenna i Nissedal i Telemark er et svært populært badeområde i sommersesongen. Mange bruker den også for å komme seg til jettegrytene i nærheten. Det er ca. 15 minutters gange på renna som er ca 60 år gammel. Enkelte steder går renna 10 til 15 meter over bakken. Tømmerrenna er nå stengt og man må gå på eget ansvar.

## Båttur med M/S Fram på Nisser og Vråvatn



Veteranbåten M/S Fram seiler på innsjøene Nisser og Vråvatn fra Vrådal. Hun går i trafikk fra mai til oktober med sightseeingturer i vakker innlands – skjærgård. Båten kan chartres til spesielle anledninger.

Rutetider:

**Lavsesong** Pris 120,- pr.pers.

21. mai – 25. juni 2011 og 10. august – 22. oktober 2011

Onsdag og lørdag Avgang kl. 15.00 , Ankomst kl. 17.00

**Høysesong** Pris 150,- pr.pers.

28. juni – 7. august 2011 Tirsdag, torsdag, lørdag og søndag

Avgang kl. 15.00 Ankomst kl. 17.30

Turene er 2 eller 2,5 timers guidet slusetur fra Straand Brygge i Vrådal. Åpen kiosk om bord. Parkering ved Quality Straand Hotel & Resort. NB! Kun kontant betaling.

Tlf. +47 35 06 90 00

Faks +47 35 06 90 01

## Pipo Innendørs Lekeland

Softplay hjørnen for de opp til 6 år

For de aller minste er det et soft-playhjørne med ballkasse og myke leger hvor de uforstyrret kan undersøke omgivelsene. Trygt i nærheten av sittekroken under tilsyn av foreldre eller ledsagere

Et sted fullt av utfordringer for barn opp til ca 14 år

Her kan de dra på oppdagelsesferd i spill og lekerunden. I hver etasje opplever du forskjellige eventyr som en labyrint , gangbru, free fall sklie, taubane og så videre. Alle kroker vekker din nysgjerrighet.

Pipo Cross

Du begynner først på

den store flate banen. Går det bra da er du klar for en tur i skogen: Opp og ned, venstre og høyre, hit og dit. Vet du hva vi snakker om? Nei? La oss forklare: Du låner hjelm, beskyttelsesvest og beinbeskyttelse. Da er du klar for å kjøre firehjuling! Dette er både spennende og gøy!

Gå på vannet i boble

Fra Brua i Treungen – se skilt til Leikesenteret  
Ca 50 meter fra Busstasjonen ved LOK stallen  
E-post ; [post@pipo.no](mailto:post@pipo.no)  
Tlf 91843140



Paintball ;  
Mandag til fredag etter kl 15.  
Lørdag og søndag fra kl 10.  
Ring for og avtale ett spill eller annen info.  
Kontakt; Freddy Lien  
Tlf.: 48 11 78 30  
E-post: [post@treungenpaintballutleie.no](mailto:post@treungenpaintballutleie.no)

## **Lokstallen/Sommarsletta : Nissedal kommune sin tusenårsstad**

Dersom du står nede i Treungen sentrum (også kalla Tveitsund), og ser over til andre sida av vatnet, ser du ein odde som stikk ut. Der står det gamle steinbygningar, der er ein liten badeplass, nokre grillar og nokre sitjeplassar. Området heiter Sommarsletta, og dei grå steinbygningane heiter Lokstallen. Du må køyre over den gamle Tveitsundbrua (steinbru), og svinge av mot vegen til Fjone. Deretter tek du fyrste veg til høgre, og vips, så er du framme. Lokstallen blei i år 2000 vald til Nissedal kommune sin tusenårsstad, og er verd eit besøk. Dersom du vil nyte sommardagen ute, kan du ta med deg grillmat, ein pose grillkol og tenneske, pølser og brus, og du kan slappe av på ein perfekt rasteplass Sommarsletta ned mot vatnet.

## **Tarzanslynge ;**

Adrenalin-kick!

Med fullt tryggleiksutstyr og kyndig instruksjon kan du hoppe i Tarzan-slynga og få ein kjempependel.

Kontakt Nisser Hyttegrend og Camping, tlf: 35 04 78 67.

## **Klatre-eldorado**

Fjone fristar med nokre av Europas beste klatrefjell (bla Hægefjell).

Nisser Hyttegrend og Camping/Nissedal Klatresenter (tlf: 35 04 78 67) tilbyr instruktør, dersom du vil du vil prøve rappellering og klatring i dei bratte fjellveggane.

## **Kanoutleige**

Tjørull er eit ynda område for kanopadling.

Ta med sovepose og fiskestong, og opplev ei stille sommarnatt under stjernene.

Tjørull Campinghytter tilbyr kanoutleige.

Tlf: 35 04 59 89 / 41 68 54 89

## Turområder i Nissedal:

### Oversikt over tur stier

1. Ufshomfjellet	664 m.o.h.	Fjone	5 km	Bratte parti
2. Vik	576 m.o.h.	Fjone	2 km	Lett løype
3. Raunåsen	570 m.o.h.	Fjone	5 km	Enkelte bratte parti
4. Solåsknatten	494 m.o.h.	Fjone	3 km	Relativt lett løype
5. Husfjell	522 m.o.h.	Fjone	4 km	Relativt lett løype
6. Lindefjell	689 m.o.h.	Fjone	4 km	Relativt lett løype
7. Hægefjell	1021 m.o.h.	Fjone	8 km	Enkelte bratte parti
8. CarWalk Fjone		Fjone	3 km	Lett løype
9. Storefjell	808 m.o.h.	Fjone	5 km	Første del: Bratt løype
10. Støydalen/Himmelstøyl	727 m.o.h.	Fjone	8 km	Lett løype i bratt terreng
11. Norkeåsen	373 m.o.h.	Treungen	2 km	Lett løype
12. Røyrodden/Årak		Treungen	1,3 km el 3,2 km	Relativt lett løype
13. Liland - Tveit	396 m.o.h.	Treungen	4 km	Relativt lett løype
14. Skuggenatten	786 m.o.h.	Treungen	14 km	Bratt løype
15. Jernbanelina	240 m.o.h.	Treungen	3 km	Lett løype, sykkelveg
16. Måvatn	665 m.o.h.	Nissedal, Nordbygda	8 km	God veg, lett terreng.
17. Håvenut	822 m.o.h.	Nissedal, Nordbygda	7 km	Litt bratt mot slutten
18. Nystøyl	565 m.o.h.	Nissedal	4 km	Kraftig stigning frå Nes
19. Folkestien	663 m.o.h.	Nissedal, Kyrkjebygda	5,5 km	"Folkestien"
20. Vikodden	250 m.o.h.	Nissedal, Nordbygda	2 km	Friluftsområde, CarWalk
21. Laukfjell			2 km	Lett løype
22. Dalsnipa	620 m.o.h.	Haugsjäsund	3 km	Jamn stigning

### Ufshomfjellet

Start: Skilt ved fylkesvegen på Fjonesida viser veg opp til Ufshomfjellet og Kronfjell. Merka med blå måling på steinar og tre. Enkelte bratte parti. Nydeleg utstikt over Nisser mot nord og sør. Bør gåast i den retning pila viser.

### Raunåsen

Start: Ved Nisser Hyttegrend og Camping på Fjone.

Enkelte bratte og steinete parti. Fin utsikt over Fjone, Nisser og fjella mot Fyresdal. Bør gåast den veg pila viser. Merka med blå måling. Turen tek ca 2 1/2 time.

### Husfjell

Start: Køyr langs fylkesvegen på Fjone. Dersom du kjem frå Treungen, køyrer du forbi Sandnesodden Camping eit stykke. Sjå etter skilt ved veggen. Løypa er merka med blå måling. Relativt lett løype. Fin utsikt over Fjone og Nisser. Turen tek ca. to timar.

### Solåsknatten

Start: Ved fylkesvegen på Fjone, midt mellom Nisser Hyttegrend og Camping og Sandnesodden Camping. Løypa er merka med blå måling.

Relativt lett løype. Fin utsikt over den store skogsletta Møne og Fjone. Tek ca 1 1/2 time.

## Lindefjell



Start: Ta av til venstre ved Fjone skule, mellom Sandnesodden Camping og ferjeleiet på Fjone. Bomveg.

Løypa er merka med blå måling. (Turløype 6)

Relativt lett løype. Fin utsikt over Nisser og Nissedal. Turen tek ca. to timar.

## Hægefjell



EIN FLOTT FJELLTUR for de som er spreke til beins – det er bratt opp fjellet. Opplevinga starter alt ved Fjoneferja nede ved fylkesveg 41. Ta bilen inn ved Fjone skole og kjør til enden av veien ca13 km. Du starter vandringa langs grusveg, før du går inn i en trollskog som raskt går bratt oppover mot fjellet.

Grønn, mosekledd skogbotn og gammal skog, som minner om eventyrskog med tussar og troll. Oppe på fjellet møter du de lette svaa, som gjer fjella i Nissedal så spesielle. Her er det bratt, men lett å gå opp til varden på toppen. Merka tursti vidare mot Vrådal (5 km).

PS: Ta med kikkert og bruk han ved parkeringsplassen ved Landtaksdammen. Sikt mot fjellveggen og sjå etter klatrerne som heng i veggen.

### Klatre- og turfjellet Hægefjell

Hægefjell ligg omtrent midt på grensa mellom Fjone i Nissedal og Vrådal i Kviteseid. Ein kan nå den 1022 meter høge toppen frå både Fjone og Vrådal.

Nå en kommer kjørende frå Vrådal, svinger en inn ved skisenteret. Der kan reisefølget kjøre til toppen (bomveg), eller ta gondolen opp, før en tar på seg sekk og vandreutstyr og går stien mot toppen.

Fra Fjone-siden (Fjone skole) kjører en oppover en nokså lang grusveg med bom. Sjølve stien starter nede ved enden av klatreveggen. Her er det lurt å ha med seg kikkert. Både for å nyte utsikten frå toppen, men også for å kikke på klatrerne i fellveggen.

Via Lara heter den mest kjente klatreruta og var den kjendisene i TV-programmet 71 grader nord forserte, då de besøkte fylket vårt i 2010.

Start: Køyr inn på bomveg (hugs vegavgift) ved Fjalestad på Fjone (Mellom Sandnesodden Camping og ferjeleiet). Løypa er merka med blå måling.

Enkelte bratte parti. Nydeleg utsikt over Nisser, Vrådal og fjella mot Fyresdal. Fyrste del av løypa går på skogsbilveg.

Hægefjell er også eit eldorado for fjellklatrarar frå heile Europa. Tips og klatreruter kan du få på Nisser Hyttegrend og Camping eller på SteepStone sine klatresider på nett

## **CarWalk - Fjone**

Fylkesvegen på vestsida av Fjone har mange naturskjønne perler, med fornminne, badestrender og idylliske kulturlandskap. Denne CarWalken går langs ein grusveg, og passar fint for dei som har barnevogn, eller dei som har med seg sykkel. Du kan kjøpe kart i Turistinformasjonen i Treungen.

Vegen er ca tre km. Start: Ved nærbutikken på Fjone. Følg vegen som er merka 'Gravhaugar'.

Kjempehaugane på Fjonemøane er eit gravfelt frå jernalderen med ni store gravhaugar. Det går ein stikkveg ned til Nisser, der ein kan bade og raste

## **Storefjell**

Start: Køyr inn på grusveg (vegavgift) ved Fjalestad, mellom Sandnesodden Camping og ferjeleiet på Fjone. Løypa er merka med blå måling.

Fyrste del av løypa er relativt bratt. Flott utsikt over Fjalestad og fjella omkring. Turen tek omlag 2 1/2 time.

## **Støydalen/Himmelstøyl**

Start: Du kan køyre inn frå Valebjørg på Fyresdalsida av fjellet, eller du kan ta inn på vegen opp mot Håtveit, som ligg mellom Nisser Hyttegrend og Camping og Sandnesodden Camping på Fjonesida. Følgjande opplegg er verdt ei prøve: To familiar slår seg saman og startar frå kvar si side av løypa. Dei møtest inne på heia og bytter bilnøklar.

Lett løype i fint fjellterreng med mange fine småvatn. Turen tek omlag 3 1/2 time. Løypa er merka med blå måling.

## **Norkeåsen**

Ved Aarak. Ein del bratte parti til utsikt. Passerer husmannsplassane NORKE og LILAND. I tillegg får ein sjå den 1000 år gamle AARAKSEIKA med GRAVHAUGAR tett ved.

NORKE:

Namnet Norke kjem kanhende av NORDKVE, dvs. den nordlege kvea (innhegning). Dette var ein liten og skral plass. På andre sida av Nisser ligg Norkeslåttune. Husmannsfolket på Norke hadde truleg slåtterettar der. Det budde folk frå slutten av 1700-talet og framover til omlag midten av 1800-talet. Tuftene mellom trea og rydningsrøysene syner kor små forhold det var. Denne husmannsplassen grodde fort til att, då han blei fråflytta.

LILAND:

Liland var plass under Aarak. Arbeidsplikta for husmannen her var ei veker arbeid om våren og ei veke om hausten. Det budde folk her frå ca 1830 og framover til hundreårsskiftet.

Plassen blei seinare driven av gardseigaren. Så seint som i 1940 dyrka dei korn på Liland, og det stod hus der. Det hende at ungdomen samlast til dans og moro der då.

## Røyrodden - Årak

Denne ruta er ein av dei såkalla CarWalk-rutene i Nissedal. Det er eit tilbod for dei som vil kombinere bilturen med kortare turar i vakkert kulturlandskap. Du får kjøpt kart i Turistinformasjonen i Treungen.

Start: 1,7 km nord for Treungen. Parkering på sørsida av riksveg 41, ovanfor gardsvegen til Årak.

Kort rute (1,3 km): Frå P-plass bort til Røyrodden med gamle gravhaugar og opp på Røyråsen. Der finst det ei kasse med turbok som du kan skrive namnet ditt i.

Lang rute (3,2 km): P-plass - Røyrodden - Røyråsen - Nordstokleiva - Årakseika - P-plass.

## Liland - Tveit

Enkel løype som passerer LILAND og den gamle kyrkjegarden på TVEIT.

Start ved riksveg 41, ca 3,5 kilometer nord for Treungen sentrum. Parkeringsplass.

LILAND:

Liland var plass under Aarak. Arbeidsplikta for husmannen her var ei veker arbeid om våren og ei veke om hausten. Det budde folk her frå ca 1830 og framover til hundreårsskiftet.

Plassen blei seinare driven av gardseigaren. Så seint som i 1940 dyrka dei korn på Liland, og det stod hus der. Det hende at ungdomen samlast til dans og moro der då.

TVEIT GAMLE KYRKJEGARD:

Kring 1300 - 1863. Det har vore to kyrkjer på Tveit. Ingen veit kva tid den fyrste kyrkja blei bygd. Ein madonnafigur (som no er i Universitetets Oldsaksamling) er tidfest til å vere frå 1250 - 1300-talet. Kyrkja er nemnt i eit hydebrev frå erkebiskop Øystein i 1395. Det finst inga teikning eller måleri av denne kyrkja.

Den andre kyrkja blei bygd i 1750 og fekk namnet Fredrikskyrkja. Det var ei langkyrkje av tømmer, med våpenhus, klokketårn og spir. I 1863 blei den nye kyrkja i Treungen innvigd, den som no står på vegen mot Heimdal og Gautefall.

I kultursoga for Nissedal kan me lese at dei gamle på Tveit lika kleint at kyrkja blei flytta.

Mellom anna blei portane i kyrkjegarden på Tveit mura att, då dei flytte kyrkja. Gamal overtru låg til grunn for det. Dei to klokkene, døypefonten, altartavla og spiret, fløyen med kula, følgde med frå den gamle kyrkja til den nye. Resten blei rive.

I dag står murane frå kyrkjegarden og nokre gamle gravstøtter att. I tillegg er det ei flott utsikt over Tveit-gardane og Treungen

## Skuggenatten

Fjelltur i Treungen.

Middels løype som startar både ved Stationen på Tjønnefoss, Tjørull, og frå Treungen ikkje langt frå Shell-stasjonen. Det er bratt både opp og ned, men som bildet viser er utsikta over Nissedal og Nisser ubetaleleg.

## Jernbanelina

Gamal nedlagt jernbanelinje som går frå Treungen til grensa mot Aust-Agder. Kryssar vegen enkelte stader. Veldig fin sykkelstur, dersom du startar frå Lokstallen i Treungen og sykklar ned til Stasjonen på Tjønnefoss. (Eller omvendt, sjølv sagt!)

Treungenbanen gjekk frå Tveitsund (Treungen) til Åmli og vidare derifrå til Arendal.

Strekninga Treungen-Åmli var den siste delen av banen som blei bygd. Opning var 14. desember 1913.

Søftestad gruver i Nissedal var grunnen til at Treungenbanen blei bygd, og det var gravene som sørga for at banen var drivverdig. Årleg gjekk det 30-40.000 tonn malm med jernbane frå Treungen til Arendal for utskiping til Kontinentet, i fyrste rekkje Vest-Tyskland. I tillegg til malm, blei det også frakta tømmer på banen.

Både bygdefolk og turistar bruka toget som framkomstmiddel heilt fram til det blei lagt ned i 1967. To år seinare byrja NSB å rive sporet. (Kjelde: "Togbytte på Nelaug" av Thor Bjerke og Ove Tovås)

## Måvatn

Start: Frå bomveg i Nordbygda i Nissedal. Traktorveg siste stykket. Fleire stiar tek av mot Måvatn.

## Håvenut

Ein kan sjå nuten heile vegen. Litt bratt mot slutten. Fantastisk utsikt i alle retningar.

## Nystøyl

Nokså bratt stiging frå Nes gard. Vakker natur på toppen

## Folkestien

5,1 km lang løype.

Start: Parkeringsplassen ved Nissedal kyrkje i Kyrkjebygda. (Kyrkjebygda ligg omlag midt mellom Vrådal og Treungen.)

Informasjonstavle med kart-brosjyrer ved innkøringa til kyrkja.

Ein del av stien går på bygdeveg forbi kyrkja, gjennom Framnes-feltet, før ein går inn i eit skogområde i lia aust for sentrum. Her går ein i fin, gamal skog, forbi fleire husmannsplassar. Turen går vidare til og over Torgrimsfjell, med fint utsyn over Nisser. Deretter ned lia mot Bakka, ut på bygdevegen og ned til kyrkja igjen. Turvegen går gjennom beiteområde for sau, så turgåarane må vere flinke til å stenge grindene etter seg.

Ein Folkesti er ein tursti som skal motivere folk i alle aldrar til å mosjonere for helse og velvære. Det spesielle med Folkestiane er at kvar heile eller halve kilometer er merka med skilt. Ved å telje kor mange skilt du passerer, kan du vite kor lang strekning du har gått. Arbeidet med å etablerer Folkestiar er eit internasjonalt prosjekt, sett i gang av den irske hjarteforeninga i 1996. I dag finst det folkestiar i Europa, Amerika og Australia. I Nissedal er det Nissedal Helselag som har stått i bresjen for å etablere ein Folkesti i Kyrkjebygda. Brosjyre med kart kan du få på Turistinformasjonen.



## Vikodden

Trimturen rundt Vikodden er ca to km og ein fin tur for den som vil kombinere biltur og gåtur i vakker natur. Kart får du kjøpt i Turistinformasjonen i Treungen.



Start: Avkjørsle frå riksveg 41 på veg merka "friluftsområde". 250 meter til parkering. (Dersom du kjem køyrande frå Vrådal, skal du ikkje køyre så langt at du ser skiltet til Fjoneferga. Då har du køyrt forlangt, snu og kikk etter skiltet med "friluftsområde")

Ved denne ruta finn du både toalett og ein tilrettelagt raste- og grillplass ved ei idyllisk sandstrand. Rasteplassen ligg ca 100 meter frå parkering. Hit kan du kome med rullestol og barnevogn. Resten av turen går i meir kupert terreng.

## **Dalsnipa**

Start: Køyr inn vegen mot Jettegrytene i Haugsjåsund. Går delvis på skogsveg. Jamn stigning frå start. Nydeleg utsikt når ein kjem opp.

## **Tur fra Kyrkjebygda til Gautafall**

Starter ved enden av veien inn mot Holmvann – godt skiltet og fin sti helt frem til Hotellet på Gautefall. – ca 2mil